



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Dato:	07.01.2016
Arkivsak	16/00002
Dokumentnummer:	16/00002-001
Arkivkode:	154
Saksbehandler:	Anne Sofie N. Uthaug

Saksnr	Sak	Møtedato
001/16	Nye festeavgifter på kyrkjegarden	14.01.2016

Saksframstilling

Bakgrunn: Tidlegare vedtak med meir

Festeavgift er ei leige for å disponere ei grav. Leiga må betalast for å behalde ei grav etter frigravsperioden på 20 år er gått ut. Viss den avdøde ikkje var folkeregistrert i kommunen må det betalast frå første pr. Sist soknerådet gjorde vedtak om auka festeavgift var i desember 2014. Dei tok til å gjelde februar 2015. Festeavgifta vart då sett til 300 pr år for både kiste og urnegrav. Reservering av ei grav ved sida av ein frigrav i 20 år kostar kr 4000. Det vart også vedteke at frå 2015 skal festeavgifta betalast kvart 5. år.

Grunnen til at saka igjen kjem på sakskartet, er at det er grunn til å vurdere festeavgifta som å vere på eit for lågt nivå og må justerast trinnvis til ein er kome opp på eit nivå som er forsvarleg. Dette vart også nemnt sist gong saka var oppe. Det er også gode grunnar til å vurdere å skilje mellom kistegrav og urnegrav, og setje reservasjonsavgifta til det same som festeavgifta – same sum som 20 års festeavgift.

Proessen i vedtak om festeavgift er at soknerådet (fellesrådssak) vedtek eit framlegg, som så må leggest fram for kommunestyret til endeleg vedtak.

Vurdering av ulike sider/alternativ

Det er etter kyrkjevevja si vurdering to viktige grunnar til å vurdere ein auke i festeavgifta også i år.

Det er eine er behovet for tilstrekkeleg kapasitet til kyrkjegardsadministrasjonen. Vi har ein tenesteytingsavtale med Meland kommune, som gjer at mesteparten av kostnadane med kyrkjegarden vert teken av kommunen sjølv, det vil sei driftsutgiftene/det praktiske arbeidet på kyrkjegarden. Det som skal dekkast med tilskotet frå kommunen eller eigne inntekter er i hovudsak dei administrative oppgåvene. I tenesteytingsavtalen har den administrative jobben med kyrkjegarden tidlegare vorte stipulert til 20% stilling. Etter ei tid som kyrkjevevja såg underteikna at dette langt frå var tilstrekkeleg til alt arbeidet som er med gravferder og dei administrative oppgåvene rundt kyrkjegarden. I den siste utgåva av tenesteytingsavtalen frå 2015 har difor dei administrative oppgåvene vorte sett til 40% stilling. Kostnadane med 20 % av kyrkjevevjestillinga vert kostnadsført på funksjon 043 kyrkjegard. Viss vi skal auke det med 20% stilling, til dømes som ein auke i konsulentstillinga, har vi ikkje fått noko lovnad frå kommunen på auka tilskot til dette. Vi må med andre ord ta det frå eigne inntekter. Slik budsjettet for 2016 for funksjon 043 er no, er det ikkje rom for å auke kyrkjegardsadministrasjonen.

Det andre er synkronisering med kommunar det er naturleg å samanlikne seg med, spesielt dei næraste nabokommunane.

Meland ligg høgst i Nordhordland, saman med Radøy som har 300 kr pr år frå 2016. Lindås kyrkjelege



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

fellesråd har gått inn for å auke frå 110 til 275 i år og til 400 i 2017. Det har ikkje vore oppe som vedtak i kommunestyret enno. Lindås har hatt svært låge festeavgifter, og ser at det ikkje heng saman med kostnadane dei har til gravplassdrifta. Dei andre kommunane i Nordhordland ligg lågare.

Fellesråd/kommune	Festeavgift pr år kiste	Festeavgift pr år urne	Festeavgift pr år barnegrav	Reservasjon/feste av grav på sida 20 år.
Bergen	552	387	?	11 040
Fjell	500	350	?	?
Askøy	500	350	?	10 000
Os	545	300	300	10 900
Lindås	275 (kr 400 frå 2017)	250 (250 frå 2017)	?	4000 (6000 frå 2017)
Radøy	300	300	?	6000

- Nokre at tala kan ha manglande oppdatering (info frå nettsider) og vere endå høgare.

Men samanlikna med Bergen eller dei andre kommunane som grensar til Bergen ligg Nordhordland lågt. Ingen av dei andre kommunane i samanlikninga har tenestetytingsavtalar. Felles for alle kommunane som er pendlarkommunar nær Bergen er at det er press på gravleggingsareal og det må stadig byggast ut nye område. Dette gjeld også Meland, og det er ikkje lenge før vi må utvide gravplassen på Meland. Difor er kostnadane for gravferdsdrifta høgare i desse kommunane enn dei som ligg lengre vekk frå Bergen, uansett kven som har ansvar for det praktiske drifta. I tillegg til auka inntekter kan ei høgare avgift føre til at publikum tenker seg litt betre om før dei festar grava på nytt og sannsynlegvis blir det raskare høve til gjenbruk av graver. Slik kan presset på gravareale minke noko.

Det er difor sterke argument for å legge på festeavgifta også i 2016, og halde fram med ei opptrapping til vi er på nivå med dei andre omegnskommunane.

Argument mot å legge på avgifta er omsynet til publikum. Festarar som ikkje er så sterke økonomisk vil synes at det er mykje pengar å betale på ein gong. Kanskje vil nokre sei frå seg gravfestet, sjølv om dei egentleg ønskte å halde på det.

I framlegget nedanfor er det for første gong eit skilje mellom kistegraver og urnegraver. Urnegraver er mykje mindre arealkrevjande, ein kan ha fleire urner i ei grav og det trengs ikkje så djup gravlegging, slik at det er mindre krav til grunntilhøva. Når det gjeld urneavgift er det også greitt å samanlikna seg med omegnskommunane til Bergen. Urnefesteavgifta er lågare enn for kister i alle desse kommunane i tabellen. Fram til no har dei pårørande i Meland måtta betale for kremasjonen (som må utførast av Bergen kirkelige fellesråd). Når det heller ikkje er billigare med urnegrav, er det ikkje noko økonomisk insentiv i å velje urnegrav. Ein god del vel likevel kremasjon (mellom 15 og 31 % av gravleggingane dei siste tre åra). Dette viser at den kjenslemessige sperra for å bruke kremasjon og urnegrav er broten i vårt område, i motsetning til kommunane som er lengre vekk frå byområda. Det er difor grunn til å tru at med lågare festeavgift på urnegraver, vil nokon fleire velje urnegrav. Viss ein betaler for feste av ei urne i ei kistegrav, bør ein betale taksten for ei kistegrav, for det er arealet ein bruker som er vesentleg for kyrkjegardsdrifta, etter kyrkjevevja si vurdering.

Når det gjeld reservasjon av grava ved sida av i ei dobbel grav er det kyrkjevevja sitt framlegg å ha same



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

årlege avgift for dette som for festet elles. Det er den vanlegaste praksisen elles – ein kallar dette for festeavgift, men fakturerer for 20 år ved gravleggingstidspunktet. Dette gjer det litt lettare administrativt, det blir berre ein takst/ei festeavgift å forhalde seg til.

Meland har hatt dobbel festeavgift for graver over 60 år. Dette prinsippet bør ein halde på. Det er få som ønsker å halde på gravene lengre enn 60 år, og dei få det gjeld har ofte ikkje innvendingar mot den store ekstra kostnaden.

Framlegg til vedtak frå kyrkjeverja

- Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2016:

350 kroner pr år for kistegrav

300 kroner pr år for urnegrav

700 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 7000.

- Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

Møtehandsaming

Det kom framlegg i møtet om å fakturere festeavgifta årleg, slik at festeavgifta ikkje vert opplevd som ei for stor belastning. Auka kostnad med hyppigare utsending vert føresett dekkja av auka inntekter. Utsendinga av fakturaen bør ikkje skje samtidig med dei kommunale avgiftene. Det er viktig med god informasjon til publikum om auka festeavgifter.

Vedtak

- Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2016:

350 kroner pr år for kistegrav

300 kroner pr år for urnegrav

700 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 7000.

Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

- Det blir årleg fakturering av festeavgift frå 2016.

Samrøysta vedtak